

Innkomne merknadar til revisjonen av hovudplanen for vatn og avløp

VIERGO

«Rubbestad står på prioritert liste i 2020. Viergo A/S har lat dette inn som ein forutsetning for drifts- og investeringsplanar. Vi driv eit vaskeri som treng utviding. Vi har sett utvidiga på vent til avløpsituasjonen skulle vere ordna i 2020. Pr i dag har vi eit renseanlegg som er for lite. Vi vaskar i dag for alle helseinstitusjonane i Bømlo i tillegg til andre bedrifter og private kundar. Vi ønskjer også å utvide vaskeridriftane og gje tilbod til andre kundar. Dette kan vi ikkje gjere så lenge hovudplanen for vatn og avløp ikkje er oppfylt. Vi er ein viktig leverandør av tenester til Bømlo kommune. Vatn og avløp er ein nødvendig faktor for eit vaskeri. Vi ber at Rubbestad blir prioritert snarast i 2021.

Svar:

Det vert teke med konkrete tiltak for å fullføre utbygginga som mellom anna inkluderer nye avløpsleidningar mot Rubbestadgarden og Selsvatnet. Tiltaka er avhengige av prioritering blant ei rekkje andre store tiltak.

Bømlo Brann og redning

«Bygningsmynde og brannmynde i Bømlo kommune var saman med BVA deltakarar i oppstart av va – norm for slokkevatn og vann til sprinkler i samarbeid med andre kommunar i Hordaland. Resultatet av dette arbeidet ligg ved som vedlegg. Bømlo brann og redning ber om at denne normen vert tatt med i arbeidet med ny hovedplan for vatn og avløp i Bømlo kommune.»

Svar:

Vert teken til orientering. Normen skal omtalast i den reviderte hovudplanen

Norgeshus

«Me vurderer å bygge ut VA til 2 nye tomter på Totland 13/207 og 13/208. Det er og planar frå andre tomteigarar i området som må ha tilgang til VA . De viser seg at det er ca 200m med grøfter for å hente vant og ca 100 m for avløp langs fv 15. Me ønskje at BVA tar me i sine Hovud planer VA så nær som mogleg disse tomtene. Dette er eit populært område for ny etablering av ungdomar som vil busette seg i heim bygda. Det er allereie 5 nye hus i nærområde 0-3 år gamle. For dei som har busett seg i nærområdet her og for vidare utbygging er det ein stor flaskehals med VA i området. Håpar de kan ta innspel med i plan for VA i dette området . Området har og problem med nok sløkkjevatn slik me har forstått. Legg ved enkelt kart»

Svar:

Det vert teke med konkrete tiltak for utbetring av vatn- og avløpsnett på Totland. Tiltaka er avhengige av prioritering blant ei rekkje andre store tiltak.

Aud Marit Furre

«Ser i annonse i Bømlo Nytt at de skal i gang med planarbeid i BVA og at ein kan melda inn saker. Eg veit ikkje om det gjeld "smått og stort"? Me bur på Moster, gnr 17, bnr 9. Nedpå bakken her er ein kum der ein skal kunna kopla til vatn ved t.d. brann. Desse koplingane verkar ikkje, står bom fast. Det er ein fare for beredskapen, for brannvesenet har ikkje vatn å sløkkja med. På naboeigedomen her er det også eim kum som står under vatn heile tida. I mange år har det vore slik at når det regnar mykje

så samlar vatn frå øvre del av bygda seg og renn ope nedover bakkane her. Veitene har delvis opna seg og det blir stor oversvømmelse (innsjø). Dette gjeld også naboeigedomen. Det er lagt grøfter/drenering til vegen ovanfor oss, men ingenting er gjort vidare nedover. I nedre del av vår bakke går veita under vegen og der er det ikkje godt nok avløp så vatnet samlar seg ved mykje regn. Dette vil på sikt forringa eigedomen vår. Me ber om at de sørgjer for god drenering heile vegen mot sjøen. Eg ber om tilbakemelding på at denne meldinga er mottatt og registrert. Kan evt koma med meir eksakte opplysningar dersom behov for det.»

Svar:

Flaumproblematikken er kjend, og det vert teke med konkrete tiltak for å betre problema. Tiltaka er avhengige av prioritering blant ei rekkje andre store tiltak

Vestland Fylkeskommune, avdeling for plan, klima og folkehelse

«Vi viser til brev datert 06.04.21 om oppstart av arbeid med revisjon av hovudplan for vatn og avlaup 2021-2050 i Bømlo kommune. Hovudføremålet med reguleringa er revisjon av gjeldande hovudplan for vatn og avlaup i Bømlo kommune. Det skal utarbeidast ein handlingsplan. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommunedelplan for vatn og avlaup 2016-2045.

Vurdering og innspel

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Planfaglege merknader

Hensikten med planarbeidet er å oppdatere eksisterande hovudplan for vatn og avlaup slik at den vert i samsvar med dagens situasjon. Ein ynskjer å avdekka behov for endringar i rammevilkår og krav. Ein vurdering av dagens tilrettelegging for eksisterande bustader og mogleg framtidig nye bustadområde vil og vera ein del av planen. Kommunen skal utarbeidde ein handlingsplan der noverande tiltak avsluttast eller vidareførast, samt supplerast med nye tiltak der ein ser at dette trengst.

Hovudføremålet med planen er å sikra levering av nok og godt vatn samt god handtering av avlaup i kommunen. Dette er svært viktig for helse og samfunnstryggleik. Vestland fylkeskommune er difor positive til at ein ynskjer å sikra ei trygg og påliteleg drikkevassforsyning og avlaupshandtering i kommunen.

Kommunen bør i handlingsplanen vurdere konsekvensane eventuelle tiltak kan ha i høve til endra arealbruk.

Kulturminne

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og bli vurdert som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. I tillegg til forminne og bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdelsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap. Planen kan ikkje vere i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Planmaterialet gir ikkje grunnlag for meir konkrete merknader frå kulturminneforvaltinga i Vestland fylkeskommune på noverande stadium i planprosessen.

Svar:

Hovudplanen for vatn og avløp påverkar kulturminne og kulturmiljø i lita grad. Ved planlegging av tiltak, vert eventuelle konflikhtar med kulturminne undersøkte.

Samferdsel

Vegmynde /vegforvaltar har hatt eit godt og konstruktivt samarbeid med BVA i store og små prosjekt, særleg gjennom vegprosjekta i Bømlopakken. Me legg til grunn at det gode samarbeidet vil fortsette vidare.

Svar:

OK. BVA er av same oppfatning og ynskje fortsett eit godt og konstruktivt samarbeid.

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på at ein i handlingsplanen vurderer konsekvensane eventuelle tiltak kan ha i høve til endra arealbruk, kulturminne og samferdsel.

Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.»

Svar:

Det vert teke til orientering.

Bergens Sjøfartsmuseum

«Jeg har forsøkt å finne dokumenter i saken via Bømlø kommune sine nettsiden men finner bare forrige rullering 2016-2045. Jeg finner heller ikke noe når jeg googler. Har dere noe link eller dokumenter? Mulig jeg leter på helt feil plass her»

Svar:

Det vart berre sendt ut varsel om oppstart av planarbeidet.

Mattilsynet

«Mattilsynet registrerer at de har starta revisjon av hovudplan for vatn og avløp. Vi har ingen kommentarar på dette tidspunkt.»

Svar:

OK.

Fiskarlaget vest

«Viser til brev av 06.04.21, med vedlegg, frå Sweco Norge AS om ovannemnde sak. Fiskarlaget Vest har sendt saka til Sunnhordland Fiskarlag.

Fiskarlaget Vest ser positivt på at det blir utarbeida gode og heilheitlege planar for vatn og avløp. For yrkesfiskarar som har sin arbeidsplass i sjøområda og fangstar mat for fellesskapet er det viktig at ein unngår arealbeslag på viktige fiskeområde i sjø og at kommunen ikkje legg til rette for utsleppsleidningar i slike område. Det bør søkjast løysingar der ein samlar utsleppa. Med omsyn til

det marine miljø må det òg krevjast god reinsing og vedlikehald. I tillegg må ein nytte feste som ikkje fiskereiskap heftar i.

Fiskarlaget Vest har tidlegare vore utelatt frå høyring av leidningar i sjø, noko som er svært uheldig i høve å finne gode løysingar for framtidig næringsfiske i kommunen. Det er viktig at ein høyrer oss i tillegg til fiskeristyresmakt i saker som gjeld utlegging av leidningar og andre tiltak i sjø. Ein må høyrast i god tid før bestilling av leidning (slik at det er grunnlag for justeringar). Det vil vere ressursbesparande for alle partar. Dei omsøkte tiltaka må òg teiknast inn på kart med djupnekotar.

Ein vil gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid. I tillegg er ein avhengig av eigna fiskeareal. Ein føreset at Fiskarlaget Vest får hovudplanen til høyring igjen når den blir lagt ut for offentleg ettersyn etter førstegangsbehandling. I tillegg må ein høyrast i enkeltsaker som gjeld tiltak i sjø.»

Svar:

Vert teke til orientering. Det vert teke med tiltak for sjøleidningar i hovudplanen.

Hiskjo Gardslag

Hiskjo Gardslag arbeider for at innbyggjarane på Hiskjo skal få et skikkelg vasstilbod, slik dei fleste andre stader i Bømlo Kommune.

No – i samband med BVA si meldte revisjon av «Hovedplan for vatn og avløp» tillet me oss å igjen melde inn vår sak der me bed om å bli høgt prioritert, og i det minste ikkje bli sett nedover på planlista dykkar. I siste kontakt med dykk var det snakk om 2021, og at det ikkje var forventa noke meir utsetjing.

Som før nemnd er hovedforsyninga av drikkevatt på Hiskjo frå eit oppdemma tjødn på Litlehiskjo i tillegg til fleire private borehol. Vasskvaliteten på desse forsyningane varierer veldig, mest ustabil er nok forsyninga frå det opne reservoaret på Litlehiskjo. I tillegg til eksisterande husstandar er det fleire planlagde nybygg (tre tomter er alt byggeklare og eit større naustområde er under regulering i Hiskahamna) og alle desse er avhengige av god tilgong på reint vatn. Borehol blir vurdert av fleire, men med kommunalt tilbod om vatn vil dette bli eliminert bort og me kan få kontroll på vasskvaliteten ein gong for alle og unødvendige/usikre kostnader med boring fell også bort.

Dette er også et viktig spørsmål for framtidig utvikling av lokalsamfunnet på Hiskjo. Detaljer om korleis me tenker ilandføring har de frå tidlegare korrespondanse. Innbyggjarane på Hiskjo set si lit til at BVA handsamar vår oppmoding på beste måte.

Svar:

Det føreligg konkrete tiltak for framføring av kommunal vassleidning til Hiskjo. Tiltaket vert revidert for å i større grad fange opp omfang knytt til eit grovt fordelingsnett til den eksisterande busetnaden på Hiskjo. Tiltaka er avhengige av prioritering blant ei rekkje andre store tiltak.

Svortland Krinslag

«Svortland krinslag vil med dette gje innspel til hovudplan Vatn- og avløp 2021-2050 i Bømlø Kommune. Me i krinslaget jobbar for innbyggjarane i vår krins, og jobbar med trafikkssikring, folkehelse og miljø. I forbindelse med Hovudplan for Vatn- og avløp, er det viktig for oss at Storavatnet blir gjort «frisk», slik at det er mogleg å bade, fiske og kunne bruke vatnet aktivt framover. Kvart år er vi vitne til at gift/ alge førekomstar, der vatnet blir farga ulike fargar, som er et resultat av algeoppblomstring. Ser ein på årsaka til at Storavatnet får disse algeoppblomstringane, tyder dette at vatnet får tilført for mykje næringsalter frå regionen rundt vatnet, og då hovudsakeleg kloakk frå private bustader og jordbruket frå nordsida av vatnet. Slik me har forstått det, er veldig mange av bustadane på nordsida av vatnet ikkje tilknytt offentleg kloakk. Skal ein difor få bukt med vasskvaliteten i Storavatnet, må disse husa bli tilknytt offentleg kloakk nett. Dette er for kostbart for kvart husstand å få realisert, og difor har dette blitt satt på «vent», då dette ikkje er realiserbar for kvart einskild husstand å finansiera ein slik kostnad.

For å få bukt med dei utfordringane me har med forureininga i Storavatnet meiner me at BVA må grava ein kloakkledning langs Storavatnet, for å tilknytte disse private hustandane, for å redusera utsleppa av næringsrik avføring ned i vatnet. Eit anna problem er at det er for lite utsig frå vatnet, frå Bekk og ned i Straumfjorden. Dette medfører til svært dårleg utskifting, og dei næringsalta som blir ført ut i vatnet, blir liggjande, og lage gode vekstforhold til gift- algevekstane som kjem i vatnet kvart år. I forbindelse med graving av kloakk ledning, kan ein også lage tursti oppå denne kloakkledningen, for å gjera ledningen lettare tilgjengeleg, og vera mogleg å kunne vedlikehalde, og tilknytte fleire brukarar seinare, eller ved eventuelle feilsøking av leidningsnettet. Ved å kombinera ei turløype og ein kloakkledning for å betra vann kvaliteten i vatnet, gjer at mykje av kloakk ledningen kan finansierast ved tippemidlar, sponsormidlar og andre midlar som kan søkjast om, i forhold til turvegen. Ein må difor laga ein reguleringsplan for heile Storavatnet. Me ser på det som veldig viktig å kunna få reinsa Storavatnet, slik at det er mogleg å nytta vatnet til bading, turgåing, fisking, kajakk og fritidsaktivitetar langs vatnet, utan å bli sjuk pga. den dårlege vann kvaliteten som er i Storavatnet i dag.

Eit anna problem med pumpestasjonane rundt vatnet går i overvann, og kloakk slepp ut i vatnet. Dette bør også prioriterast slik at ein unngår slike forureiningar i Storavatnet.»

Svar:

Vert teke til orientering. Det vert teke med eit eige kapittel om vasskvaliteten. Det føreligg tiltak for å betre avløpssituasjonen rundt Storavatnet. Tiltaka er avhengige av prioritering blant ei rekkje andre store tiltak.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF)

«Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 6. april 2021.

DMF er statens fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske Ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskapning basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilarbeiding av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerllova) og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i sak er etter plan-og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Om planen

Sweco Norge AS, på vegne av Bømlo Vatn- og avløpssekskap AS og Bømlo kommune, fir i samsvar med plan-og bygningslovens §11-12 melding om oppstart av revisjon av «Hovudplan Vatn og Avløp 2021-2050», Bømlo kommune. «Hovudplan Vatn og Avløp» legg i stor grad føringar for kommunens investeringar og drift innanfor vatn-og avløpssektoren. Formålet med revisjon av planen er å oppdatera innhald i samsvar med dagens situasjon og med tanke på endring av rammevilkår og krav.

Fråsegn frå DMF

DMF kan ikkje sjå at den føreslegne planen kan få følgjer for registrerte førekomster av mineralske ressursar, bergreittar eller masseuttak i drift. Vi kan heller ikkje sjå ut frå informasjonen som er lagt ved saka, at planen gjeld uttak av masse som vil bli omfatta av minerallova. Vi har derfor ingen merknader til varsel om oppstart av ny Hovudplan Vatn og Avløp 2021-2050.

Dersom det i samband med vidare behandling av planen viser seg at den kan få følgjer for nokon av våre fagområde, ber vi om å få saka når den blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergreittar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.»

Svar:

OK, vert teke til orientering.

Folderøy Grendeutval

«I forbindelse med utbyggingen av Bømlopakken har Foldrøy fått ei oppgradert og forsterka vassforsyning til bygda. Dette er noko me ser svært positivt på då dette gir eit bedre grunnlag for vidare trivsel og utbyggingar i byggefelta våre.

Det som no henger etter er eit like godt utbygd offentleg avløpsnett og mulighet for tilkopling til dette. Dette gjeld særleg for dei som har avrenning ned mot Foldrøyvatnet. Fleirtalet av husedane har 30-60 år gamle septikløyningar med uklare avrenningsresipientar, noko som betyr at det uansett vil verta nødvendig med private investeringar i enten private renseanlegg eller tilknytning til offentlig avløpsnett.

Me håper derfor at dykk finn rom for ei slik investering i hovudplanen.»

Svar:

Vert teke til orientering. Det vert teke med tiltak for å betre avløpsnettet på Foldrøy.

Ingrid Lovise Bryne

Innspill til BVA sin "Hovudplan for vatn og avløp" 2021

Jeg skriver på vegne av meg selv og 4 søsken, Marit Helen Bryne, Sigval Bryne, Arne Bryne og Solveig Margrethe B. Egeland, som har arvet 13/1 på Totland - etter vår far, Sverre Bryne, sin død 01.10.2019.

Inn under 13/1 ligger en del av Totlandstjørna, som tidligere var et drikkevann. På grunn av at dette tidligere var et drikkevann, ligger det restriksjoner på store deler av eiendommen - som er ment for å beskytte drikkevannet.

Totlandstjørna har ikke blitt brukt som drikkevann på mange år, og det er lite sannsynlig at dette vannet igjen vil bli brukt som drikkevann.

Det finnes en gravd avskjæringsveite på eiendommen, den er tegnet inn med rødt i vedlagte utdrag fra kart. Kart ligger vedlagt som **vedlegg 1**.

På grunn av restriksjonene som er på eiendommen, er det ikke mulig å søke kommunen om å trekke ut f.eks. en tomt for bolig.

Moster Grendautval har sendt innspill til kommuneplanen, hvor de under merknad 2, ber om at restriksjonene rundt Totlandstjørna blir endret/fjernet. Jeg siterer utdrag fra merknad 2, som innbefatter Totlandstjørna:

"Grunneigarane rundt Totlandstjørna gav frå seg rettigheter til Moster vassverk for drikkevannstjelda tidleg på 70-talet. I den forbindelse blei det oppretta eit geografisk nedslagsfelt for vern av drikkevannet. Totlandstjørna har ikkje blitt brukt som drikkevann dei siste 25 åra. Det er heller ingen sansynlegheit for at tjørna blir brukt til dette formålet igjen.

Moster grendautval i lag med grunneigarane ber om at restriksjonane blir fjerna/ endra til dagens formål, slik at områda kan nyttas utan båndlegging."

Vedlagt finner dere hele innspillet fra Moster grendautval, som **vedlegg 2**.

Ut fra det som er nevnt ovenfor, ber vi om at restriksjonene på eiendom 13/1 blir fjernet, eventuelt at grensene blir flyttet til rett ovenfor avskjæringsveiten.

Svar:

Vassforsyninga til Moster vert i dag handtert via ei sjøleidning frå Åreiddalen. Dersom det oppstår ein situasjon der sjøleidningen ikkje kan vere i drift, blir vassforsyninga til Moster broten. I eit slikt høve må Totlandstjødna takast i bruk for å sikre vassforsyninga på Moster. Totlandstjødna er såleis viktig å kategorisere som nødvasskjelde.

Plantype:	arealdel
Ikrafttredelsesdato:	18.03.2013
Sist behandlet:	05.09.2018


[Gå til plan detaljer](#)

Treff i valgt plan

Arealformål >

Sikringsone >

Sikring:	Nedslagsfelt drikkevann
Hensynsonenavn:	H110_14
Beskrivelse:	Reserve drikkevasskjelde



Moster Grendautval

«Moster Grendautval er ein paraplyorganisasjon som i prinsippet skal representere alle innbyggjarane i krinsen, også lag/organisasjonar og næringsliv. Vi er eit høyringsorgan for plansaker som vedkjem krinsen.

I eit forsøk på å fylle denne funksjonen, arrangerte Grendautvalet i samarbeid med Moster Amfi 17.11.20, eit digitalt nettmøte med eit representativt utval av næringsaktørar og representantar frå organisasjonar i krinsen. Målet for møte var å få fram synspunkt/innspel som kunne vera med å danne grunnlaget for ein høyringsuttale, eller merknad til plangrenser osb. Grendautvalet har også lagt ut dokumentet på FB og fått innspel. Vi hadde planlagt eit Grendautvalsmøte 26.08.21 der Innspelsdokumentet skulle vera tema, men dette blei avlyst grunna Korona.

Merknad 1.

Framtidsretta bustadbygging:

Moster er det 2. største av dei 5 delsentenerane i Bømlo. Det bur nær 2000 personar i bygda, og folketalet er aukande. Moster har sentral plassering i høve til Trekantsambandet, og mange som pendlar til andre kommunar vel difor å busetja seg på Moster. Dette er positivt for Moster, og for Bømlo kommune. Ein stor prosent av mostringane må pendla til arbeid, (meir enn 60%). Dette medfører køyring fleire mil til og frå arbeidet kvar dag. Det er difor veldig viktig at bygda elles har tilbod og tenester som gjer at ein kan leva gode liv på Moster, utan å måtte køyre til t.d. kommunesenteret for alle ting. Ikkje minst gjeld dette tilbod til born, ungdom og eldre som ikkje køyrer eigen bil, og difor er avhengige av dei same pendlarane for å få sine behov stetta. For å få til levedyktige aktivitetar, tenester og tilbod må det folk til. Folk på Moster bur spreidd rundt om i dei ymse grendene, og difor er det ein utfordring å få til eit levande sentrum på Teigland med levedyktige butikkar og tilbod. Folk skapar aktivitet og trong for tenester. For å skapa meir aktivitet i sentrum, må mostringane samle seg meir. I området rundt butikkane på Teigland burde ein hatt møteplassar både for vaksne og ungdom, og leikeplass for born.

Framtidig bustadbygging bør skje som fortetting av dei eksisterande bygdene. Stikkord her er aksentrum og ned mot den kommunale kaien. Dette for å styrkje eksisterande sentrum på Teigland, og for å knyte sentrum saman med Moster Amfi, sjøen, kyrkja og kulturskattane me har på Moster. Sjøområdet i Mosterhamn bør utviklast til eit attraktivt andlet mot sjøen, frå Moster. Framtidig bustadbygging på Moster bør i hovudsak skje som fortetting i eksisterande bygder som Grindheim, Totland, Skimmeland, Grønås osb. Skal ein lukkast med dette må kommunen i sterkare grad enn det som er gjort tidlegare, styra kor ein ynskjer bustadbygging, og ta eit koordineringsansvar i forhold til eksisterande NLF område.

På Grinheim/Totland ligg det i eksisterande plan område med status Golfbane. Det føreligg i dag ingen planar for slik bane, og vi ber om at dette blir endra til bustadbygging/NLF område.

Det er utarbeida ein masteroppgåve med mål om å sette fokus på korleis ein kan få ei heilskapeleg utvikling av Mosterhamn med vekt på å skapa attraktivitet for både bebuarar og besøkande. Oppgåva peiker på at ein må fortette og legge tilrett for bustadbygging sentrumsnært.

Svar:

Vert teke til orientering. Hovudplanen for vatn og avløp tar ikkje for seg utviklingsmoglegheiter for ulike nærområde. Dette må heller sendast inn i samband med revisjon av kommuneplanen.

Merknad 2:

Skule/barnehage/idrettsanlegg og aktivitetsområde.

På Espeland ligg Moster skule, Moster Idrettslag sin fotballbane med nytt klubbhus, Moster hestesportanlegg, Moster barnehage og bedehuset Salem. Område har dermed utvikla seg til å bli eit aktivitetssenter i bygda. Det er difor sær viktig å sikre ledige friareal i og omkring barnehage, skule og idrettsanlegg, samt sikre allmenn tilgang til sjø.

Det bør og sikrast areal for framtidig utviklingsmoglegheiter for idrettslaget. Vi ber om at det i arealdelen i kommuneplanen blir teke høgd for å sikre slike areal.

Det ligg eitt byggjefelt og ein del rorbuer i området, men lang avstand frå dei fleste innbyggjarane i krinsen gjer likevel til at det er mange som nyttar bil til og frå. Dermed er det eit mål å få tilrettelagt for mindre bruk av bil for å nå dette aktivitetsområdet.

Moster grendautval jobbar med å få til ei universelt utforma lysløype med forankring i dette området. Grendautvalet meiner at ei slik løype vil vera eit supplement til dei eksisterande aktivitetane, og i tillegg vil ei slik løype vera eit trafikksikringiltak.

Grunneigarane rundt Totlandstjørna gav frå seg rettigheter til Moster vassverk for drikkevannstjelda tidleg på 70-talet. I den forbindelse blei det oppretta eit geografisk nedslagsfelt for vern av drikkevannet.

Totlandstjørna har ikkje blitt brukt som drikkevann dei siste 25 åra. Det er heller ingen sansynlegheit for at tjørna blir bruk til dette formålet igjen.

Moster grendautval i lag med grunneigarane ber om at restriksjonane blir fjerna/ endra til dagens formål, slik at områda kan nyttas utan båndlegging.

Svar:

Vert teke til orientering. Hovudplanen for vatn og avløp tek ikkje for seg utviklingsmoglegheiter for idrett, turområde eller trafikk. Dette må heller sendast inn i samband med revisjon av kommuneplanen.

Vassforsyninga til Moster vert i dag handtert via ei sjøleidning frå Åreiddalen. Dersom det oppstår ein situasjon der sjøleidningen ikkje kan vere i drift, blir vassforsyninga til Moster broten. I eit slikt høve må Totlandstjødna takast i bruk for å sikre vassforsyninga på Moster. Totlandstjødna er såleis viktig å kategorisere som nødvasskjelde.

Merknad 3:

Vetahaugen:

I prinsippøknad går det fram at « Det kan bli aktuelt med mindre utbetring av stien til Vetahaugen.»

Vetahaugen er ein fantastisk utsiktsplass og attraksjon i seg sjølv. Der står også krossen til minne om 900 årsjubileet for Kristenretten. Det skulle berre mangle at ikkje Vetahaugen skal vera tilgjengeleg for alle.

Moster Grendautval meiner det er viktig at det i det vidare planarbeidet blir lagt til rette for at adkomst til haugen får ein universell utforming.

Svar:

Vert teke til orientering. Hovudplanen for vatn og avløp tek ikkje for seg utbetring av turområde. Dette må heller sendast inn i samband med revisjon av kommuneplanen.

Merknad 4:

Forlenging av strandpromenade.

Moster Grendautval meiner ein bør forlengje promenaden vidare frå Jektevika, Breivika, Revsneset, Straumholen, Midtholmen og til Kaninholmen (der fyret ligg.) Breivika er offentleg badeplass og er i Friluftsrådet Vest si portefølje.

Moster Grendautval meiner det vil vera ein styrke for heile strandpromenadeideen at me får til ein forlenging av promenaden heilt ut til fyret. I eit folkehelseperspektiv vil dette utløyse heilt andre kvalitetar enn resten av promenaden. Gruveparken, turområde, Breivika, Turløypene rundt Austnes og Prestneset heng saman. Vi meiner denne forlenginga bør ha same standard som resten av promenaden (universell utforming).

Svar:

Vert teke til orientering. Hovudplanen for vatn og avløp tek ikkje for seg utviklinga av strandpromenaden. Dette må heller sendast inn i samband med revisjon av kommuneplanen.

Merknad 5:

Plangrense på nordsida av Teiglandshagen og Alderspensionat.

Moster Grendautval meiner at ein bør innlemma areal nord for Teiglandshagen og Alderspensionat i planarbeidet for å sikra område til framtidig kommunal bruk.

Svar:

Vert teke til orientering. Hovudplanen for vatn og avløp omfattar ikkje endring av plangrenser for andre tiltak enn tiltak knytte til vatn- og avløpssektoren.

Merknad 6:

Prestneset.

Prestneset og Austneset er eit av turområda som blir brukt mest i krinsen. Det er begrensa urørt natur igjen og det er difor viktig å ta vare på det som er. Halve Prestneshalvøya er i dag definert som industriområde. Slik vi har forstått det er dette gjort i ei tid med heilt andre planar for område enn det som er realiteten i dag. Vi meiner difor dette område må tilbakeførast til NLF område for å sikre område til bruk for ålmenta.

Svar:

Vert teke til orientering. Hovudplanen for vatn og avløp omfattar ikkje omregulering av industriområde. Dette må heller sendast inn i samband med revisjon av kommuneplanen.

Merknad 7:

Kalkbrenning i Mostratunet?

Til orientering er det nyleg lansert ein ide om å bygge ein liten kalkovn i Mostratunet. Dette for å kunne formidle ein 1000-årig kulturarv frå Moster og Sunnhordland, samt for å produsere

tradisjonskalk til Mostrakyrkja (til 2024) samt fleire av middelalderkyrkjene på Sørvestlandet som hadde mostrakalk originalt.

Sentrale i eit slikt oppbyggingsarbeid er Per Storemyr (geolog) og Tore Granmo (murar), begge nestorar i det norske miljøet rundt tradisjonskalk og med særst god kontakt inn mot Riksantikvar og Fortidsminneforening. Bømlo kommune v/ kommunedirektør ++ er godt orientert om ideen, og i utg.pktet positiv til å ta opp denne kulturarven på kommunens tomt. Moster Amfi og Geopark Sunnhordland er likeeins særst positive. Skal ein rekke å produsere kalk til Mostrakyrkja i tide til 2024 må ovnen stå klar neste vår, dvs. 2022.

Moster Grendautval har hatt møte med gruppa som har hatt ansvar for oppbygging og vedlikehald av Gruveparken. (14.06.21) Dei stiller seg i prinsippet positiv til tiltaket. Vi ber om at det i kommuneplanen blir teke høgde for eit slikt tiltak.

Svar:

Vert teke til orientering. Hovudplanen for vatn og avløp tek ikkje høgde for slike tiltak. Dette må heller sendast inn i samband med revisjon av kommuneplanen.

Merknad 8.

Alternativ bruk av kommunal grunn.

Nytt klubbhus til Moster båtlag?

Moster båtlag sitt årsmøte bestemte at ein skulle greie ut plan for nytt klubbhus. Dagens klubbhus er ei forfallen brakke som ligg på kommunal grunn. Båtlaget eig parkeringsplassen. Båtlaget er interessert i å etablere nytt hus delvis på kommunen sin grunn og delvis på båtlaget sin eigedom. (Parkeringsplass) Dette vil truleg vera positivt for planlagt strandpromenade.

Vert teke til orientering. Hovudplanen for vatn og avløp omfattar ikkje etablering av nye klubbhus. Dette må heller sendast inn i samband med revisjon av kommuneplanen.

Merknad 9:

MGU har motteke innspel frå Stian Dahl. Vi meiner innspelet er tankevekkande og konklusjonane er heilt i tråd med det som MGU har uttrykt ved fleire høve. I samråd med Stian Dahl blir dette lagt inn i uttalen i sin heilheit.

Emne: Gjestehavn og bobilparkering i Mosterhamn.

Hei!

Sommeren 2021 har jeg, sammen med familien, tilbakelagt 1700 NM og besøkt 58 havner langs vår flotte kyst fra Bømlo til Lofoten. I tre måneder har vi seilt på kryss og tvers og sett og opplevd at lokalsamfunn legger til rette for at turister, enten de kommer med båt eller bil, skal få oppleve det de har å tilby av severdigheter og stoltheter. Noen ganger kan det være en spesiell stein eller en fjelltopp. Andre ganger er det et hus Knut Hamsun visstnok skal ha bodd i mens han jobbet med et av sine kjente verk. Legg til en Jokerbutikk eller Matkroken, og du har et populært ferieparadis. Mange steder får de mye ut av lite.

I Mosterhamn er det dessverre litt motsatt. Både kulturelt og historisk er Mosterhamn et sentralt sted langs vestlandskysten. I mange sammenhenger, også ved virkelig store anledninger, setter det Bømlo

på kartet. Når jeg treffer en seiler på Vega, ytterst på Helgelandskysten, vet han godt hvor Mosterhamn er. Han har vært der flere ganger. Det er bare så synd at det ikke er tilrettelagt for gjester som han sier. Det fremstår veldig privat og han vegrer seg for å trenge seg på. Jeg er oppvokst så og si på kaien i Mosterhamn. Jeg kan bekrefte at det er mange som opplever det samme. Hver sommer kommer det daglig et utall fritidsbåter, både seilbåter og motorbåter inn i Mosterhamn. De har lest om alt stedet har å by på. De bakker frem og tilbake noen ganger før baugen blir satt mot Bømlafjorden igjen. Det fremstår ikke som om de er velkommen ettersom det aller meste ser privat ut.

Jeg, og mange med meg, er stolte av Bømlø og av Mosterhamn. 10 kvelder på rad har Moster amfi blitt fylt opp av mennesker fra hele regionen som skal oppleve at vi på Bømlø gang etter gang gjør stor suksess med en ny musikal. Folk er fulle av lovord. Vi som bor like ved må ut og se på livet. Mens vi rusler rundt, tenker jeg tilbake på de 58 havnene vi har besøkt i sommer. Jeg kommer ikke bort i fra at vi har et stort uforløst potensiale i Mosterhamn. Jeg synes rett og slett at det er trist at vi ikke tar bedre imot gjestene på Bømlø.

Det er mange engasjerte mennesker på Moster. Gruveprosjektet, idrettslaget og grendautvalget er noen eksempler. Jeg har snakket med mange og det er brei enighet om at her må noe gjøres. Jeg tenker at det må være et mål å klare å etablere en skikkelig gjestehavn og bobilparkering med alle fasiliteter innen Moster 2024.

Mitt forslag og innspill er å nytte området ved fergekaien til å bygge ut et skikkelig anlegg. Jeg er overbevist om at dette innen kort tid vil bli en populær gjestehavn og bobilparkering langs kysten. Mosterhamn har rett og slett så mye å vise til at vi med bedre tilrettelegging vil kunne få mange flere besøkende innom øya vår. Jeg foreslår å forlenge eksisterende molo for å skape en lun havn i alle vindretninger. (Markert med grå farge)

Det må legges ut flytebrygger i betong for enten longside og/ eller akterfortøyning. (Markert med rød farge.)

Eksisterende bygg må totalrenoveres og bygges opp som sanitærbygg med toaletter, dusj og vaskemaskiner. Uteområdet rundt bygget stenges for trafikk og bygges opp som rekreasjonsområde med benker og grill. (Markert med grønn farge.)

Parkeringsplass ved fergekai benyttes som bobilparkering med uttak av strøm og vann. (Markert med blå farge.)

Båtgjester og bobilgjester benytter felles sanitæranlegg.

Eksisterende kaier beholdes slik at større skip kan legge til.

God skilting må etableres for å informere om alt Mosterhamn har å by på.

Realisering av min idéskisse vil gjøre Bømlø og Mosterhamn til en feriedestinasjon det vil være naturlig og populært å besøke langs leia og en travel kystlinje. Slike fasiliteter finnes mange steder langs kysten og står etter min mening i stil med det betydningsfulle, historiske og kulturelle stedet Mosterhamn faktisk er.

Jeg, og flere med meg, tar gjerne i et tak for å få noe slikt på plass.

Svar:

Vert teke til orientering. Hovudplanen for vatn og avløp omfattar ikkje utvikling av friområde/kaiområde. Dette må heller sendast inn i samband med revisjon av kommuneplanen.

Samandrag:

1) På Grinheim/Totland ligg det i eksisterande plan område med status Golfbane. Det føreligg i dag ingen planar for slik bane, og vi ber om at dette blir endra til bustadbygging/NLF område.

2) Det bør og sikrast areal for framtidig utviklingsmoglegheiter for idrettslaget. Vi ber om at det i arealdelen i kommuneplanen blir teke høgde for å sikre slike areal.

Moster grendautval i lag med grunneigarane ber om at restriksjonane rundt Totlandstjørna blir fjerna/ endra til dagens formål, slik at områda kan nyttas utan båndlegging.

3) Moster Grendautval meiner det er viktig at det i det vidare planarbeidet blir lagt til rette for at adkomst til Vetahaugen får ein universell utforming.

4) Moster Grendautval meiner det vil vera ein styrke for heile strandpromenadeideen at me får til ein forlenging av promenaden heilt ut til fyret. I eit folkehelseperspektiv vil dette utløyse heilt andre kvalitetar enn resten av promenaden. Gruveparken, turområde, Breivika, Turløypene rundt Austnes og Prestneset heng saman. Vi meiner denne forlenginga bør ha same standard som resten av promenaden (universell utforming).

5) Moster Grendautval meiner at ein bør innlemma areal nord for Teiglandshagen og Alderspensionat i planarbeidet for å sikra område til framtidig kommunal bruk.

6) Vi meiner at Prestneset må tilbakeførast til NLF område for å sikre område til bruk for ålmenta.

7) Vi ber om at det i kommuneplanen blir teke høgde for eit mogleg kalkbrenneri i gruveparken.

8) Alternativ bruk av kommunal grunn i samband med mogleg nytt klubbhus for båtlaget.

9) Gjestehamn og bubilparkering på kommunal kai. Viser her til konkret innspel frå Stian Dahl.»

Svar:

Hovudplanen for vatn og avløp tek ikkje høgde for korleis nærområde, turområde, kaiområde og andre område vert utvikla. I Hovudplanen for vatn og avløp vert det berre teke høgde for utvikling av vatn- og avløpsnett med tilhøyrande vassførekomstar, reinseanlegg og høgdebasseng. Innspel som skildra ovanfor må heller sendast inn i samband med revisjon av kommuneplanen.